


Kretsrenn klassisk, SBM-cup 8 på Tomrefjellet søndag 7.februar kl. 12.00



Søndag 7.februar er det klassisk distanserenn med innlagte teknikksoner, individuell start på Tomrefjellet.

Arrangementet har påmelding via Minidrett.

Påmeldingsfrist mandag 1. feb. kl. 24.00.

Rennet vil bli arrangert i hørve Norges skiforbund sine retningslinjer for Covid-19

[Arrangører av skirenn sesongen 2020-21.pdf](#)

Gjennomføring av rennet er tilpassa dei til ei kvar tid gjeldande smittevernsreglar. Det blir ikkje drikkestasjon, felles premiering eller tilgang til kiosk/garderobe. Varmestua vil vere ope med toalett. Retningslinjer for bruk står oppslått ved inngangen.

Parkeringsplassen ligg 3 km opp fra hovudvegen. Sjå vedlagte kart. Elektronisk bom. Kr. 70,-. Bankkort.

Startområde ligg 1km ned frå parkeringsplass.

Utdeling av startnummer er i maskingarasjen ved parkeringsplassen.



Alle som skal innafor stadionområdet, skal vere registrert med namn og tlf.nr. for evt. smittesporing (løparar er allereie registrert). Dette vert gjort ved å skanne QR koden. Alle må vere registrert før ankomst på stadion. QR-koda er også tilgjengeleg ved garasjen på parkeringsplassen. Det er også mogleg å registrere seg ved å melde på foreldre/støtteapparat til rennet via eiga klasse i minidrett kalla: foreldre/støtteapparat.

Klasser:

Distanser:

J/G 8-10 ÅR	1 KM
J/G 11-12 ÅR	2 KM
J/G 13-14 ÅR	3 KM
J/G 15-16 ÅR	5 KM
K 17-20 ÅR/KVINNER SR.	5 KM
G 17-20 ÅR/MENN SR.	10 KM

Tomrereset

Arena Tomrefjellet

Maskingarasje



Startkontigent:

- 8-16 år kr. 130,-
- Jr. 17-20 år kr. 150,-
- Senior kr. 170,-

Alle løparar 13 år og eldre må løyse skilisens.

Rennkontor på stadion.

Startnummer blir utdelt klubbvis i maskingarasjen ved parkeringsplassen.

Løparar skal sjølve ta av startnummer og lånebrikke og levere til anvist stad i målområdet.

Det er ikkje drikke etter målgang. Ingen oppslag av resultat. Desse vert publisert på eqtining og klagefrist annonsert av speaker.

Premiering fortløpande etter klagefrist. Alle under 12 år får premie ved målgang .

LK i Norges skiforbund har innført forbud for alle glidprodukter som inneheld fluor i klassene til og med 16 år. Vi oppfordrar også eldre løparar til å unngå bruk av fluor.

Rennleiar: Jon Hølmo

Løypesjef: Geir Tony Tomren

Ansv. Tidtaking: Ståle Vestre

TD: Astrid Eide Stavseng

RESERVEARENA: BJORLI

Velkomen!